

Liv, helse og vekst
til våre kundar og
vår vakre natur!

Nr 2 | November 2016 | årg.1

Kundemagasin

Side 6-7

Opplev Bømlo
med springvatn inkludert!

Side 4-5

Ny drikkekultur
blant ungdomen på Bømlo.



Audun Halleraker
Dagleg leiar BVA

Vekst til våre kundar!

Stolte over Bømlonæringslivet!

Med verksemder som leverer produkt i verdensklasse og elevar i vidaregåande skule som skaper spanande ungdomsbedrifter og vinn regionale prisar kan me berre sei, Bømlo er verkeleg ein flott kommune å bu og arbeida i! Overskrifta i leiar er ein del av BVA sin visjon. I «friskt» denne gongen viser me to aktørar som på kvar sin måte viser glimrande entreprenørskap og til vår store glede har Bømlavatn som ein vesentleg del av sitt konsept! - SUP UB sel «Ein sup av Bømlo» som du kan ta med deg på den flotte, romslege drikkeflaska til ungdomsbedrifta, ein salgssuksess!

Bømlo Vatn og Avløp syter for nok reint vatn og miljømessig handtering av avløp 24 timar i døgnet for våre abonnentar. Dette gjer me på oppdrag frå Bømlo kommune, basert på vår kompetanse, infrastruktur og system.

Tove og Vidar i «Opplev Bømlo» har over fire år med hardt arbeid bygd eit flott tilbod til sine kundar, der mat er ein særskild viktig del. - Og som skriv i tilboda sine at det «alltid står springvatn på borda». Tove viser dessutan med sikker eleganse at smaksetting av vatn også kan bli ein visuell nytelse!

Verdens toalettdag

FN har utpeika 19. november til verdas toalettdag og fokuserer på at nærare 2,5 milliardar menneske ikkje har tilgang på tilfredsstillande sanitære fasilitetar. Mange kommunar landet rundt ynskjer i den anledning å setje søkjelyset på kva toalettet skal brukast til. Rett og slett ein dovettkampanje.

Også i Bømlo kommune, der me tross alt er heldige og har trygge sanitære forhold, er det behov for å fokusere på kva toalettet skal brukast til. - Innføring av vassklosettet i Norge starta på byrjinga av 1900-tallet for å få betre sanitærforhold og auka komfort. På Bømlo er det usikkert akkurat når ein starta arbeidet med vassklosett, men truleg var det rundt 1930 i Rubbestadneset ein først kom i gang.

I dag har dei aller fleste innbyggerane i Norge tilgang til gode toalett både heime, på jobben og på skulen. Avløpsvatnet blir frakta bort og reinsa før det kan sleppast ut i naturen. Dette er heilt avgjerande for å hindre sjukdomspreiing blant innbyggjarane og forureining av naturen. I Bømlo kommune er ca. 50 % av innbyggjarane tilkopla offentleg avløpsanlegg. Resten har forskjellige private løysingar.

Vår oppgåve i BVA er å sikre tilgangen til nok vatn av topp kvalitet slik me gjer i dag, og tilby gode avløpstenester til eit flott Bømløsamfunn i rivande utvikling!

Ynskjer alle ein flott haust!

Audun Halleraker
Dagleg leiar



Vår visjon er:

Liv, helse og vekst til våre kundar og vår vakre natur.

«FRISKT» | Kundemagasin utgjeve av Bømlo Vatn og Avløpselskap AS
Ansv. red. Audun Halleraker
Design, tekst & foto: Synleg AS
Distribuert til hushaldningar og bedrifter i Bømlo og kundar av BVA.

Forsidebilde:



So delikat kan det gjerast, spanande smaks- og farge-setting av vatn i elegante glas, på kaikanten i Melkevik. Svanene kjem med ein gong det er håp om noko godt!



Ikkje heilt som dei andre...

- Det var ei grundig vurdering internt i Bømlo kommune som førte til at BVA vart skipa, som eit aksjeselskap som var 100% eigd av kommunen. Dette fortalde Nils Kåre Nysæter då BVA runda ti år i 2013, ei organisering av VA-sektoren få andre kommunar i Norge har.

På leit etter beste løysing

Ei prosjektgruppe med folk frå teknisk etat, tillitsvalde og politikarar gjekk hausten 2001 grundig til verks og konkluderte med at beste løysinga for drift av VA-sektoren i Bømlo ville vera eit kommunalt eigd aksjeselskap. Det var god kontakt mellom gruppa og rådmannen og saksførelegget til politisk handsaming konkluderte på same vis. Kommunestyret fekk saka til handsaming før sommaferien 2002 og frå nyttår 2003 var BVA i gong.

Vasstette skott

Det nye selskapet for vatn og avløp tok ut drifta på dette området frå kommunen si tekniske driftsavdeling. Det gjorde at ein fekk «vasstette skott» slik at vass- og avløpsgebyr ikkje kunne subsidiere anna drifta i kommunen. Lova seier at vatn- og avløpstenester skal vera drivne etter sjølvkostprinsippet. Ved å skilje BVA ut som eige selskap fekk ein god kontroll over dette.

Kommunen og BVA

Det er ikkje alltid lett å sjå kven som har ansvar for kva, i ei slik deling. Bømlo kommune er forureiningsmynde. BVA skal bygga ut, drifta og vedlikehalda vatn- og avløpsanlegg i Bømlo kommune og andre oppgåver i tilknytning til dette. Som forureiningsmynde kan kommunen t.d. påleggja folk å knyta seg på offentleg avløp. Politikarane har likevel sett eit øvre tak for slik påkopling, i dag kan ein ta maks kr. 150.000,- inkludert mva. Kommunen rullerer og vedtek hovudplan for vatn og avløp kvart år, og vedtek storleiken på gebyra.

Best før,eller?

Frå midten av 60-talet vart det bygd mange private vassverk i Bømlo. Kommunen hjalp ofte til med prosjektering og bygging. Desse vassverka blei drivne av eldsjeler som gjorde ein stor innast på dugnadsbasis. På 1990-talet kom drikkevassforskrifta. Den kom med så strenge krav til kvalitetssikring av produksjonsutstyr, leidningsnett og anna at vassverka måtte vurderast å tilsetja folk og i tillegg investera i kostesame tekniske installasjonar for vassreinsing.

Følgjene av dette blei at kommunen tok over stadig fleire vassverk utover 1990-talet, som så følgde med over til BVA. Etter kvart fekk ein ei samankopling

av dei ulike vassverka og etablert dei tre vassbehandlingsanlegga (VBA) ved Holundsvatnet, i Åreiddalen og på Vorland. Det var nok mange som var glade for å kunna gi ansvaret vidare!

Kvalitet og kompetanse

Ved å skilja VA-drifta ut frå den kommunale organisasjonen har ein kunna hatt fokus på vatn og avløp, heva og spissa kompetansen hos dei tilsette, og jobba med optimal drift av denne sektoren. Over tid viser målingar at BVA har redusert lekkasjar ned til 18%, auka kvaliteten og avgrensa brot på vassforsyninga, alle tre blandt dei beste i Norge.

«Dette er den mest vellukka selskaps-etableringa som kommunen har gjort.»

Rådmann Svarstad etter ti års drift av BVA

Det blir kvar veke tatt prøvar av vatnet som BVA produserer rundt om på nettet. Dei blir analyserte av uavhengig laboratorium. - For oss er tryggleiken til kundane våre det viktigaste, seier dagleg leiar i BVA, Audun Halleraker. Me er stolte og glade for den kvaliteten vårt produkt held, og jobbar dagleg med å få det enda betre.

*Ein del av stoffet i denne artikkelen byggjer på innhaldet i jubileumsboka «Fullt trykk!» utgjeve i 2013 og ført i pennen av Stein Erik Ovesen.



Ny drikkekultur blant ungdom!

Me bømmlingar veit kva det vil seie å ta ein sup av noko, det visste ikkje dei som traff SUP UB på stand på fylkesmessa, så kvifor ikkje ta ein sup av Bømlo?

«Friskt» er på besøk hos ungdomsbedrifta på Bømlo vidaregåande som er ei vidareføring av fjorårets suksessbedrift «SUP UB».

Sunn ungdom

– Ungdom i dag er opptatt av å vera sunne, og det går mykje vatn her på skulen, seier produkt- og salsansvarleg, Michelle L. Grcic. Ho og dagleg leiar, Joakim H. Løkke, er dei to som er med å vidareføra elevbedrifta SUP UB, som vart starta i fjor. I år har dei fått inn andre medarbeidarar. Det er marknadsansvarleg Marie A. Aarland og Linda Våge, IT- ansvarleg Marthe S. Sort-

land og økonomiansvarleg Mostafa Askari. I år skal dei vidareutvikla bedrifta med satsing på nye produkt i tillegg til drikkeflaska som heiter «Ein sup av Bømlo». Elevane går på VG3 studiespesialiserande og har entreprenørskap som valfag, med god hjelp og engasjement frå lærarane Inger Anita Urang Rolfsnes og Kari Sørvik.

Ein sup av Bømlo!

Elevane er miljøbevisste og meiner det er mykje betre å ha ei flaske av høg kvalitet, så ein kan fylle på etter behov frå springen, framfor å kjøpa dyre flasker på butikken kvar gong ein skal noko. Alle er einige i at kvaliteten på vatnet frå springen her på Bømlo er betre enn det du får kjøpt i butikken. Men for at ei slik flaske skal bli brukt, er det

viktig med design. Designet på flasken er bygd opp av kjennemerke på Bømlo med havet, Slotterøy- fyr, Siggjo, Salmalaksen

96% vatn
4% lime :)

og Bømlabrua, det er Kristin Hovland som har stått for designet.

«Ein sup av Bømlo» står i dag som karaffel på mange middagsbord på Bømlo, men er òg lett å ta med seg på trening der det er kjekt med ei litt større drikkeflaske. Løkke seier at dei hadde svært god respons på flaskene som er rett rundt hjørnet. I år er det fleire bedrifter som har tatt kontakt og vil ha flaskene på møteromma sine for å imponera tilreisande kundar. Elevane vil



Bedriftsleiinga i Weflex UB plassert mellom dei flotte drikkeflaskene «Ein sup av Bømlo» som dei også sel i år; frå venstre produkt- og salsansvarleg, Michelle L. Grcic, økonomiansvarleg Mostafa Askari, marknadsansvarleg Linda Våge, dagleg leiar, Joakim H. Løkke, marknadsansvarleg Marie A. Aarland og IT- ansvarleg Marthe S. Sortland.

SUP UB 2015-2016

Styreleiar: Joakim H. Løkke;
Dagleg leiar: Veronika Folgerø-Holm
Økonomiansvarleg: Hilde Stavland
Økonomiansvarleg: Feven Teklu
Marknadsansvarleg: Andreas Habbestad
Produkt og salsansvarleg: Michelle L. Grcic og Lene Gjøsæter
Personalansvarleg: Henriette Hovland



òg nytta høve til å tipse bedriftene der ute om at dette kan vera ei fin julegåve til dei tilsette.

Nytt produkt

SUP UB skiftar namn dette skuleåret og blir til WeFlex. I tillegg til «Ein sup av Bømlo», kan ein då kjøpa praktiske gym-posar med det same fine designet i refleks.

BVA vil oppfordra sine lesarar å skaffa seg ei «Sup av Bømlo»-flaske. Romsleg og elegant produkt frå ei lokal bedrift!

Friskt BØMLAVATN!

Det kan vera fleire tusen gongar dyrare å kjøpa ein liter flaskevatt i butikken, enn å tappa det sjølv frå springen. Nordmenn drikk likevel meir flaskevatt enn nokon gong, og i 2014 suppa tørste nordmenn i seg meir enn 92 millionar liter vatn frå flasker!

Liten eller ingen skilnad

Samstundes er norske forskarar einige om at det er lita eller inga kvalitetsmessige skilnadar på flaskevatt og springvatn, og det er ikkje påvist nokon helsemessige skilnader på produkta.

Medan VOSS sine eingongsflasker kan stå i butikkhyllene i to år, er springvatnet aldri eldre enn eit døgn. Passar du på å fylla flasken di kvar dag vil du ha superferskt, godt Bømlavatn du kan nytta med deg!

Blandt verdas beste

Springvatnet i Norge er blant verdas beste, og i følgje folkehelseinstituttet ligg Bømlo kommune signifikant betre an enn landsnivået på god drikkevassforsyning. «Norsk vann» seier at gjennomsnittspri-

sen for ein liter drikkevatt er ca. to øre, medan same mengd frå butikkhyllene kan koste mellom 20 og 50 kr.

Spar miljøet!


I tillegg krev produksjon av flasker og tapping mellom 1.100 og 2.000 gongar meir energi enn springvatn. – Så om du vil ha gourmetvatn, spare pengar og miljø er det berre til å gå ut på kjøkkenet og setje flasken under springen!

Vel bekomme.

Kjelde: <http://www.dagbladet.no/2015/09/10/nyheter/drikkevann/flaskevann/miljo/forurensning/41037464/>

BVA hadde for ein del år sidan drikkeflasker med eigen etikett som den gong sa: «Naturleg drikkevatt til under 1 øre literen».

Råvarene til BØMLAVATNET kjem via ei mengd småvatn ned til dei viktige drikkevattene våre. Her eit vatn på Siggjo med Rubbestadneset bak.





OPPLEV BØMLO - god, kortreist mat



.....med Bømlavatn på borda!

- Når me gir tilbod på mat til våre kundar skriv me at det all-tid står springvatn på borda. Og det er jo gratis! Eg likar vatnet best rett frå springen!

Det er Tove Stavland som fortel dette til oss i ein triveleg prat i Melkevik. Tove og ektemannen Vidar Onarheim starta Opplev Bømlo i februar 2012. Dei er levande opptatt av og engasjerte i øya vår og ville at den skulle bli oppdaga og utforska av folk frå alle hjørne i verda. Men ikkje minst få stoltheiten fram hos bømli-gane sjølv.

Ein lavvo var starten

- Det heile starta i to lavvoar på Kanalen, midt ute i skauen blant esel og sauer, fortel Tove. Fasilitetane var ikkje meir enn dei måtte vera, men me serverte god stemning og mat til alle typar arrangement der ute. Ho fortel vidare at dei hadde fylt på dunkar med vatn frå springen. Når arrangemenet var over og gjestane

gått, køyrte dei oppvasken heim. Så var det å stå halve natta å vaske opp heime. - Steikji kva arbeid som trongst, dett det ut av Tove når ho tenkjer tilbake. Men det er så kjekt og travheit betyr jo at ting går bra!

Då dei tok over husa fekk dei likevel ein heilt ny kvardag med innlagt vatn, kjøken og etter kvart steamar til oppvasken.

Opplev Bømlo har eit brennande ynskje om at dei som har vore innom skal kjenna på

den gode, ekte og historiske atmosfæra og at dei skal kjenna seg velkomne. Tove har mykje å fortelje gjestene om historia og levesettet på Bømlo, Kanalen, Sjur Larsen og Melkevik, og er ei vertinne som blandar seg inn i selskapet.

Midt i matfattet!

Det å sjå middagen koma inn med fiskeskøyta, levande og sprellande rett frå havet er noko gjestene deira set stor pris på. - Me bur midt i matfattet, og har fantastiske råvarer tilgjengeleg, seier Tove. Me opplever at

ungdomen og begynner å få augo opp for tradisjonelle rettar som har måtte vike for pizza og kebab. No ynskjer dei å få plukkfisk til nattmat, ler ho.

Opplev Bømlo serverer sine gjestar lekre, velsmakande middagar med godt springvatn til.



Foto: Magne Raknes

Prøv Tove sin ingefær-te!

Det er mange måtar å nytta det gode Bømlavatnet på, her er oppskrift på ein spanande te frå Tove:

Du hakkar ingefær i ønska mengde, jo finare du hakkar den, jo meir smak, skjærer eit par skiver sitron og legg det i ein stor kopp eller ei kanne (eg brukte ein karaffel, og hell over varmt vatn. - Om du ynskjer, kan du søte med honning, eller med urten Stevia, som eg brukte då eg laga dømet på bildet. Steviaen er økologisk dyrka på Sikje Gard, på Vorneset.

Smaksetning på vatn elles er bær, me brukte jordbær, bringebær og blåbær. Blåbæra gir lite smak, men er dekorative. Jordbær gir ein fin smak på vatnet. Agurk gjev eit hint av noko friskt, mynte likeså. Drinkane var smaksette av knuste bær og fargesette med kulør - berre for løye, slik at t.d. ungene føler at dei får noko spanande og kjekt, men som likevel ikkje inneheld så mykje sukker som brus.



Foto: Magne Raknes

Tove i ein litt uvanleg positur: - Heile sommaren spring eg frå morgon til kveld, men eg er veldig flink til å slappe av når eg har sjans!

Foto: Magne Raknes

Bømlopakken, meir enn god veg!

Me ser gode nye vegar ta form rundt oss. Gler oss over eit stadig meir komplett, nytt vegnett i kommunen. Smiler, tenkjer romsleg og er tolmogige når det er stopp pga sprenging eller graving.

Meir enn god veg

Det me kanskje ikkje hugsar i farten er at samstundes som vegane blir rulla ut, kilometer etter kilometer, så blir det også lagt ned røyr for vatn og avløp. Det skjer ei stor oppgradering av leidingsnett som gjer det mogleg å møta framtida med eit moderne, oppdatert VA-system.

Utfordrande prioriteringar

- Når det blir gjennomført så store vegprosjekt som det me opplever i vår kommune no om dagen, får me ei særleg

utfordring i å prioritera prosjekt. Det er fleire ting som står i kø utanom det som skal gjerast i Bømlopakken, men det er så store innsparingar å samkjøra desse prosjekta at me kan ikkje venta med det. Det er dagleg leiar i BVA, Audun Halleraker som seier dette i samtale med «friskt». Det handlar om økonomi og kapasitet. - Så må me berre beklaga at me ikkje får gjort alle gode ting samstundes!

Knyter saman produksjonsanlegg

I samband med ny veg **Stokkabekken - Siggjarvåg** legg BVA ny hovudvassforsyning i traseen. Den skal knyta produksjonsanlegga i Hollundsvatnet og Åreiddalen saman. Det blir også lagd ny vassforsyning til Foldrøy og Siggjarvåg. Anlegget inneber om lag 11 kilometer nytt vassleidingsnett. - Det vil også bli montert ny pumpe- og målestasjon for vatn på Ekornsæter. Den skal auke trykket

Det er omfattande aktivitet for BVA i samband med utbygginga i Bømlopakken. Her frå arbeidet der nyevegen kryssar Erslandsvegen.

på vatnet mot Foldrøy og flytte vatn nord eller sørover i hovudvassforsyninga.

Kostnaden på prosjektet er ca 25 mill. og er planlagd sett i drift januar 2017.

Bømlopakke-prosjektet **Røyksund bru** er no starta opp, og har ei kostnadsramme på 7 mill. Det skal byggast ny vassforsyning frå Høvringevika, gjennom den nya brua og ned til sjøen på nordsida av Røyksundkanalen. Det blir også teke med avløpsanlegg som kan brukast framtidig.

I tillegg har BVA ein rekkje andre utbyggingprosjekt over heile øya, i størrelse frå ein halv million til nærare tre million kroner for kvart prosjekt.

Første turen på ny veg er alltid spennande, Statens Vegvesen gir oss ein liten forsmak med dette flybildet frå Stokkabekken - Siggjarvåg.

Fakta om

prosjektet Stokkabekken-Siggjarvåg:

- Ny vassleidning frå Esso på Innvær til Foldrøy og Siggjarvåg, lengde ca 10.000 meter
- Ny vassleidning Ekornsæter mot Ekornvika, ca 500 meter
- Ny vassleidning Stokkabekken mot Innvær, 400 meter.
- Starten på ny hovudvassforsyning Ekornsæter mot Åreid vassbehandlingsanlegg, 450 meter.
- Nye vasskummar med brannventil, ca 45 stk.
- Ny vasspumpestasjon / målestasjon på Ekornsæter..
- Avløpsanlegg i området Stokkabekken.
- Ny målestasjon ved Foldrøy høgdebasseng

Steinar Halleraker i samtale med medarbeidar frå entreprenør Vassbakk & Stol.



Foto: Magne Raknes

Gjennom eit hol så stort som tjukkelsen på ein blyant renn det ut så mykje vatn at det kunne forsynt 150 bustader med drikkevatt!

Vatn som forsvinn...

Bømlo Vatn- og Avløpselskap nyttar store ressursar i å avdekka kvar vatnet me produserer blir av. Å redusera tap av vatn gir oss alle fordelar!

Det gode vatnet du kan gle deg over i springen kvar dag, er ferskvare produsert i eit av våre avanserte produksjonsanlegg. Dette vatnet er finansiert av det du og eg betaler i vassgebyr, då seier det seg sjølv at det er dårleg økonomi at dette vatnet lek ut til inga nytte, eller blir brukt til inga nytte.

Frosttapping sløsar bort vatnet!

Det er fleire grunnar til at vatn forsvinn, nokre er lette å fjerna, andre tek litt lenger tid. Me nemnde i førre nummer av «Friskt» at hagevatning kan vera ei kjelde til så stort vassforbruk at det kan gå ut over tryggleiken ved brann. - No går me vinteren i møte, og frå gamalt av har det vore

praktisert sokalla «frosttapping», dvs at ein let spring eller slange liggja og renna for å hindra at vatnet fryser. Det skal med dagens løysingar ikkje vera naudsynt. Det er heller ikkje lovleg!

Store mengder gjennom små hol!

Det ser kanskje ikkje så mykje ut, men gjennom eit hol med blyanttjukkelse renn det ut ca. 2 500 liter i timen med normalt vassstrykk. Det tilsvarer ca. 60 000 liter pr døger eller ca. 420 000 liter pr veke! Denne mengda vatn kunne ellers ha forsynt om lag 150 bustader med drikkevatt, eller det me ville kalla eit stort byggefelt! - Og ei utett toalettstjerne betyr at du minst doubler vassforbruket ditt (litt avhengig av lekkasjen)!

Med andre ord kan BVA redusera produksjonen og me alle kan spare kroner på at me tar betre vare på vatnet!



Råd mot frosne røyr!

Me råd dei som har hus med kjellarar å setta ein vifte/varmovn på låg effekt for å halde litt varme. - For dei abonnenter som har isolerte vannleidningar med varmekablar er det ikkje nødvendig å foreta frosttapping. Det er heller ikkje lov! Vannrøyrane har varmekablar nettopp for å hindra at dei fryser, sjølv om leidningane har liten eller ingen overdekning.


De som har tomme hus/fritidsbustader bør sjekka desse, slik at det ikkje oppstår vasslekkasjar som følge av frostsprengning. Steng hovudkran og tapp vatn ut av leidningane. Isolér gjerne grunne leidningar, anten med isolermatter eller ved å grave på meir jordmasse.



Foto: Statens Vegvesen



Foto: Magne Raknes



Din kvardag...

Mange trur at det er greitt å kasta våtseviettar eller bomullsdottar i do. Det er feil! Her er nokre gode tips om korleis du kan unngå feil ting i avløpet!

Dei vanlege tinga me bruker

Kva gjer eg med baby våtseviettar (wipes) for bleieskift? - Legg den brukte våtsevietten inn i den brukte bleia, pakk saman og kast alt i restavfallet.

Nedspylbare våtsevietter?

- Nei, det finns ingen våtseviettar som me kan rå til å spyla ned i toalettet, sjølv om nokon produsenter meiner dette. Testar viser at for eksempel reingjeringsseviettar for toalett løyser seg opp veldig mykje tregare.

Kjem du inn på vask- og toalettanlegget til Opplev Bømlø vil du få gode råd langt ut over det BVA pleier å gi!

re samanlikna med dopapir. Du kan risikera å tette igjen røyra dine om du kastar dette i do. Alle typar våtsevietter skal hivast i søppelbøtta - det finns ingen unntak!

Q-tips, bomullsdotter og sminkefjerning? - Brukte bomullspads, sminkefjerneserviettar og q-tips må ikkje kastast i toalettet. Skaff deg ei lita søppelbøtte til å ha på badet, slik at du kan kasta alle småtinga i bøtta. Det finns mange tøffe og stilige søppelbøtter som kan være fine å ha på badet ditt :)

Flytande matrestar? - Restar frå supper og gryter som blir tømt i avløpet inneheld mykje feitt som festar seg på røyrveggane. Tøm flytande matrestar over i ein tom melkekartong, teip att toppen og kast han i avfallet. Du kan og leggja kartongen i frysaren i eit døger, slik at matrestane stivnar før du kastar han i avfallet.

Bruk mjukt dopapir! - Mjukt og finare dopapir løyser seg lettere i vatn samanlikna med stivt, resirkulert papir. Stivt dopapir kan tette att røyra dine om du brukar mykje av dette.

**TISS
&
BÆSJ
&
DOPAPIR**

...og
berre det
skal i do!

Sjå meir på
dovett.no

Vår kvardag...

Meir og meir avfall blir kasta i toalettet. Det kan gi tette leidningar og tett toalett heime hos ein sjølv, men kan også skape store problem andre plassar i avløpssystemet.

Q-tips og våtseviettar

Det kan vera greitt med ei påminning om kva du bør unngå å ha i vaskar og toalett, særleg no når me nærmar oss jul og masse god mat! - Q-tips, våtseviettar og fett er tre ting som ofte meir eller mindre ubevisst hamnar i avløpet. Q-tips løyser

seg ikkje opp i vatn, og set seg fast i røyrane. Våtseviettar løyser seg heller ikkje skikkeleg opp, og samlar seg i store ballar som tettar røyrssystemet.

Feitt og matrestar

Og så går me mot ei høgtid med mykje god mat og store oppvaskar! I jula får me ein god del feitt som ligg att på tallerkar og i panner. Feitt frå matlaging som blir tømt i vasken eller i do, stivnar i røyra slik at dei blir tette. Dessutan trekker feitt til seg rotter! Feittrestar etter matlaging bør stå til det stivnar og så kastast saman med matavfallet.

Arbeid på ein avløpsstasjon, her samlar det seg mykje som ikkje burde kome i avløpet!



Foto: Magne Raknes

Vann-vittig :-)

hm... - og kvar skal me gjera av resten?



PS! Interessant vinkling av temaet på ferja frå Jektevik!



Maling, løysemiddel og kjemikalier skal leverast til mottaksstasjon for farlig avfall, medan legemiddelrestar skal leverast til apoteket.

Vis do-vett!

Det er med andre ord viktig at me alle syner «do-vett» og bruker toalettet på ein måte som gagnar oss sjølv og fellesskapet. Det er faktisk berre tre ting som høyrer heime i toalettet: tiss, bæsj og dopapir. Innhaldet i vaskebøtta kan også tømast i toalettet etter golvvasken, men hugs å ta ut vaskefilla av bøtta først!



BØMLO VATN OG AVLØP

Bømlø Vatn og Avløpsselskap AS



Org. nr. 985 228 825

Pb 214, 5445 Bremnes

Besøk: Hollundsaldalen

Tlf: 53 42 88 40

Vakt: 53 42 88 45



SYNLEGGNO

Foto: Magne Raknes

Thor Audun Larsen frå BVA i arbeid på garden Stautland i samband med fornying av VA-anlegg.



friskt